

Veljarguide til folkerøystinga

1) Vil det verte betre tenester i ein større kommune?

– Nei, små kommunar gjev i reglen betre tenester enn store. Innbyggjarane i små kommunar er som oftast dei som er mest nøgde.

2) Kan vi bestemme dette sjølv, eller vil Stortinget tvinge oss til samanslåing?

– Nei, Stortinget vil at ei samanslåing skal vere frivillig, og det er dei som avgjer. Handsaminga i Stortinget understreka at Regjeringa ikkje kan tvinge kommunane med økonomi eller andre ting.

3) Vil vi få større makt viss vår kommune blir større?

– Nei, *ein* ordførar som reiser til Oslo åleine for å tale på vegner av ein kommune med 25 000 innbyggjarar har ikkje meir makt bak krava, enn *to* ordførarar med tilsaman 25 000 innbyggjarar som reiser til Oslo med same føremålet. Men ein kan kanskje spare noko utgifter til flybillett.

4) Vil det verte meir makt til byråkratiet?

Ja. Talet på politikarar vil bli redusert med om lag $\frac{3}{4}$, og desse vil ikkje ha kapasitet til å handsame ei femdobling av saker ved ei kommunesamanslåing. Fleire saker vil difor verte overlatne til byråkratane.

5) Er intensjonsavtalane bindande?

– Nei. Dersom t.d. Runde kommune blir noko av, vil ei såkalla Fellesnemnd med tre representantar frå kvar kommune lage ein avtale for korleis den nye kommunen skal styrast.

6) Vil det verte meir privatisering i ein større kommune?

– Mest truleg, ja. Det er lite interessant for privat næringsliv å legge inn anbod i relativt små kommunar, så dess større dess betre. Dette er også grunnen til at NHO ønskjer berre 100 kommunar. ”– Større kommuner gir bedre muligheter for private velferdsbedrifter, særleg innen hjemmepleie, reinhold og tekniske tjenester,” sa tidl. adm. dir Petter Furulund NHO Service.

7) Vil kommunane tape pengar dersom ein vel å ikkje slå seg saman med nokon?

– Mest truleg ikkje, og truleg ikkje meir enn 300 kroner per innbyggjar. Dette står i H, FrP og V sin avtale til nytt inntektssystem. Men det løner seg likevel å stå åleine, fordi ei samanslåing der Ulstein er med, vil truleg koste mellom 1,7 og 2 mill. ekstra i renter og avdrag. Så Hareid tener kanskje ein halv million på å stå åleine. Reknestykket i Ålesund regionkommune er så komplisert at det er det ingen som har oversikt over.

8) Så kva bør ein røyste?

Ein bør røyste utifrå det ein tykkjer vil vere best for sin kommune.

Kristian Fuglseth, varaordførar i Hareid kommune